

# Haugsholmendagar med småbåttreff og motbakkeløp!

13-14. juli kl. 11-18 begge dagar.



**Haugsholmens vener** gjentar suksessen frå i fjor og inviterer til «Haugsholmendagar» og småbåttreff. Dette skjer på Haugsholmen i Sande laurdag 13. og søndag 14. juli mellom klokka 11 og 18 begge dagar.



Vi satsar på solskin.



Nok mat i år også.



MS Hindholmen.

## Motbakkeløp til Kletten!

Nytt av året er motbakkeløp til det høgste punktet på holmen, Kletten. Det er ikkje tøffare enn at «alle» kan delta. Posten og butikken er opne for handel, og vi får besøk av veteranskipet MS Hindholmen. I tillegg har vi fleire spennande programpostar for heile familien!



Kletten.



Open post og butikk.

**Haugsholmen** i Sande kommune har i fleire hundre år vore ein av dei sentrale hamnene og handelsstadane på Sunnmøre. Truleg går historia mange hundre år tilbake i tid, sjølv om dei registrerte eigarane berre går tilbake til 1600-talet. Gjennom tidene har der vore lensmannsete, gjestgiveri, butikk, post, telegraf og sildoljefabrikk.

Haugsholmennis vener, skal ta vare på og auke kunnskapen rundt kystkulturen, med utgangspunkt i handelsstaden Haugsholmen i Sande kommune. Inntektene frå treffet går til restaurering av den gamle og verdifulle bygningsmassen.

**Arrangør: Haugsholmens vener**

For meir info. kontakt [odd.kristian.dahle@tibep.no](mailto:odd.kristian.dahle@tibep.no) eller tlf. 906 15 658